

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 257/2002

2003/EØS/49/17

av 12. februar 2002

**om endring av forordning (EF) nr. 194/97 om fastsetjing av høgsteinnhaldet av visse ureinande stoff i næringsmiddel og forordning (EF) nr. 466/2001 om fastsettelse av grenseverdier for visse forurensende stoffer i næringsmidler(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 315/93 av 8. februar 1993 om fastsettelse av framgangsmåter i Fellesskapet i forbindelse med forurensende stoffer i næringsmidler<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsforordning (EF) nr. 194/97 av 31. januar 1997 om fastsetjing av høgsteinnhaldet av visse ureinande stoff i næringsmiddel<sup>(2)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1566/1999<sup>(3)</sup>, er det fastsett grenseverdier for aflatoksin B<sub>1</sub> og samla innhald av aflatoksin i visse næringsmiddel. Forordning (EF) nr. 194/97 vil verte oppheva ved og bytt ut med kommisjonsforordning (EF) nr. 466/2001 av 8. mars 2001 om fastsettelse av grenseverdier for visse forurensende stoffer i næringsmidler<sup>(4)</sup>, endra ved rådsforordning (EF) nr. 2375/2001<sup>(5)</sup>, med verknad frå 5. april 2002.
- 2) Etter forordning (EF) nr. 194/97 skulle grenseverdiane for nøtter og tørka frukt som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før konsum eller bruk som næringsmiddelingsrediens, vurderast på nytt innan 1. juli 2001 i lys av utviklinga av den vitenskaplege og tekniske kunnskapen, særleg med omsyn til kor effektive sorteringsmetodane eller dei andre formene for fysisk handsaming er for å redusere innhaldet av aflatoksin.
- 3) I samband med dette er det berre vorte lagt fram opplysningar som gjeld mandlar. Opplysningane synte at innhaldet av aflatoksin i uforedla mandlar vart monaleg mindre i den ferdige forbruksvara som følgje av dei ulike metodane for sortering og fysisk handsaming. Ettersom opplysningane varierer, er det likevel vanskeleg å vurdere omfanget av reduksjonen. Difor bør dei eksisterande grenseverdiane haldast ved lag, men det må vere høve til å vurdere dei på nytt.
- 4) Når det gjeld korn som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før det vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens, var det i forordning (EF) nr. 194/97 fastsett at dersom det ikkje

var fastsett ein særskild grenseverdi innan 1. juli 2001, skulle dei grenseverdiane som gjeld for korn meint for direkte konsum, gjelde etter denne datoen. Årsaka til dette var at når det gjeld korn, kan det ikkje utelukkast at sorteringsmetodar eller andre former for fysisk handsaming kan redusere ureininga med aflatoksin, men det er enno ikkje påvist kor effektive desse metodane verkeleg er. Det var òg fastsett at dersom det ikkje fanst opplysningar som gjev grunnlag for å fastsetje ein særskild grenseverdi for uforedla korn, skulle grenseverdiane på 2 µg/kg for aflatoksin B<sub>1</sub> og 4 µg/kg for samla innhald av aflatoksin gjelde.

- 5) I samband med dette er det berre vorte lagt fram opplysningar som gjeld mais. Sjølv om det er vorte utført jamleg overvaking i over to år, var det berre ei avgrensa mengd parti som vart funne å vere ureina. Difor har høvet til å påvise kor effektivt det er med sortering, reinsing eller anna fysisk handsaming vore avgrensa. Desse avgrensa opplysningane har synt at innhaldet av aflatoksin i uforedla mais ved hjelp av ulike metodar for sortering og fysisk handsaming kan reduserast monaleg etter reinsing av den ferdige forbruksvara (maisflak, andre gryn). Ureininga med aflatoksin var hovudsakleg konsentrert i maisavfallet, og i mindre grad i maiskim, grovmalt maismjøl og knust mais (fôrvarer). Ettersom opplysningane er avgrensa og varierer mykje, er det ikkje mogleg å vurdere kvantitativt og presist kor stor reduksjon som kan oppnåast. Før det kan trekkjast endelege konklusjonar må det skaffast fleire opplysningar, og difor bør det tidsrommet som det ikkje er fastsett nokon grenseverdi for når det gjeld mais, lengjast ein siste gong med to år.
- 6) Når det gjeld anna uforedla korn enn mais, er det ikkje vorte sendt over opplysningar, og difor bør dei grenseverdiane som skal gjelde frå og med 1. juli 2001 for korn som er meint for direkte konsum, òg gjelde for korn som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før konsum eller bruk som næringsmiddelingsrediens.
- 7) Det er viktig at desse grenseverdiane tek til å gjelde så snart som mogleg, og at dei framleis vil gjelde etter at forordning (EF) nr. 194/97 er vorten bytt ut med forordning (EF) nr. 466/2001. Begge desse forordningane bør difor endrast tilsvarande.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 41 av 13.2.2002, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 100/2002 av 12. juli 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 54 av 31.10.2002, s. 11.

<sup>(1)</sup> TEF L 37 av 13.2.1993, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 31 av 1.2.1997, s. 48.

<sup>(3)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 17.

<sup>(4)</sup> TEF L 77 av 16.3.2001, s. 1.

<sup>(5)</sup> TEF L 321 av 6.12.2001, s. 1.

- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste næringsmiddelutvalet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

I nr. 2.1. «Aflatoksin» i del I i vedlegget til forordning (EF) nr. 194/97 vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 2.1.1 og 2.1.2 skal lyde:

Produkt	Aflatoksin: høgste tillatne innhald <sup>(1)</sup> (µg/kg)			Prøvetakingsmetode	Referansemetode for analyse
	B <sub>1</sub>	B <sub>1</sub> +B <sub>2</sub> +G <sub>1</sub> +G <sub>2</sub>	M <sub>1</sub>		
«2.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørka frukt					
2.1.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørka frukt og foredla produkt av desse som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2 <sup>(4)</sup>	4 <sup>(4)</sup>	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.2. Jordnøtter som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før dei vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	8 <sup>(4)</sup>	15 <sup>(4)</sup>		Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.3. Nøtter og tørka frukt som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før dei vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	5 <sup>(4)</sup>	10 <sup>(4)</sup>	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2. Korn (medrekna bakkveite, <i>Fagopyrum</i> spp.)					
2.1.2.1. Korn (medrekna bakkveite, <i>Fagopyrum</i> spp.) og foredla kornprodukt som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2	4	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2.2. Korn (medrekna bakkveite, <i>Fagopyrum</i> spp.) bortsett frå mais, som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før det vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2	4	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2.3. Mais som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før han vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	—	—	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF»

2. Fotnote 5 går ut.

3. Fotnote 6 går ut.

## Artikkel 2

I nr. 2.1. «Aflatoksiner» i del 2 i vedlegg I til forordning (EF) nr. 466/2001 vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 2.1.1 og 2.1.2 skal lyde:

Produkt	Aflatoksiner: grenseverdi <sup>(1)</sup> (µg/kg)			Prøvetakings- metode	Kriterier for analyse- metoder
	B <sub>1</sub>	B <sub>1</sub> +B <sub>2</sub> +G <sub>1</sub> +G <sub>2</sub>	M <sub>1</sub>		
«2.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørket frukt					
2.1.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørket frukt og bearbeidede produkter av disse, som er beregnet på direkte konsum eller på anvendelse som næringsmiddelingsrediens	2 <sup>(6)</sup>	4 <sup>(6)</sup>	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.2. Jordnøtter som skal gjennomgå sortering eller annen fysisk behandling før de brukes til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	8 <sup>(6)</sup>	15 <sup>(6)</sup>		Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.3. Nøtter og tørket frukt som skal gjennomgå sortering eller annen fysisk behandling før de brukes til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	5 <sup>(6)</sup>	10 <sup>(6)</sup>	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2. Korn (herunder bokhvete, <i>Fagopyrum</i> spp.)					
2.1.2.1. Korn (herunder bokhvete, <i>Fagopyrum</i> spp.) og bearbeidede kornprodukter som er beregnet på direkte konsum eller på anvendelse som næringsmiddelingsrediens	2	4	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2.2. Korn (herunder bokhvete, <i>Fagopyrum</i> spp.) som skal gjennomgå sortering eller annen fysisk behandling før det brukes til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2	4	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2.3. Mais som skal gjennomgå sortering eller annen fysisk behandling før den brukes til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	— <sup>(9)</sup>	— <sup>(9)</sup>	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF»

2. Fotnote 8 går ut.

3. Fotnote 9 skal lyde:

«<sup>(9)</sup> Dersom det ikke er fastsatt en særskilt grenseverdi innen 1. juli 2003, skal grenseverdiene i nr. 2.1.2.1 i tabellen deretter gjelde for mais omhandlet i dette nummer.»

*Artikkel 3*

Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 1 og 3 skal nyttast frå dagen etter at forordninga er kunngjord. Artikkel 2 skal nyttast frå 5. april 2002.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. februar 2002.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

---